



MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 28.11.2018  
Vår ref.: 2018/16541-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.: 18/2497 - 18/23281

## Kulturminnefagleg fråsegn - Indre Brakstad - gnr. 7 bnr. 5 - Søknad om bygging av landbruksveg - utmarksveg - Meland kommune

Me viser til brev datert 05.11.18 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Me seier oss leie for seint svar i saka. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Saka gjeld opprusting av ein eldre landbruksveg, frå 1970-talet, til vegklasse 8, lengda er på ca. 160 meter.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdig kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av vegen søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksame på meldeplikta etter kulturminnelovas § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verte utført så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.